
Vår referanse 2020/74141-2
Dato 03.11.2020

ARKOCONSULT AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Svar - Søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsel - gnr 42 bnr 169 - Øygarden kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad datert 13.10.202002

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi avslag til å utvida bruk av avkøyrse frå fylkesveg 5286 til eigedom gnr. 42 bnr. 169 i Øygarden kommune.

Avslaget blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*


Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på ferdsle og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsel frå.

Søknaden gjeld utvida bruk av avkøyrsel til fylkesveg 5286 for tilkomst for ein ny bustad på gnr. 42 bnr. 169. Eigedom gnr. 42 bnr. 169 i søknaden ligg i reguleringsplan Skrubbeneset, del av gnr. 42, gnr. 3 og gnr. 43, med planid 19930006, vedteke 28.10.1993.

Eigedommen fekk godkjent deling frå gnr. 42 bnr. 13 ved vedtak datert 19.03.2015 av Fjell kommune, no Øygarden kommune. I vedtaket om frådelling står det at den nye eigedommen vil ha tilkomst via regulert avkøyrsel ved fylkesveg og via privat veg.

Avkøyrselen til fylkesveg 5286 som det er søkt om utvida bruk for inngår i reguleringsplan gnr 42, bnr 3, 91 m.fl. Hesthagen, Fjell kommune med planid 20060051, vedteke 24.11.2011.



Utsnitt frå reguleringsplan 20060051 for Hesthagen.



Bileta er frå google streetview (juni 2019)

Avkøyrsla er ikkje tilfredsstillande opparbeida etter reguleringsplanen. Det er plassert sperrestein i krysset kor det er merka som fortau i reguleringsplanen. Dette meiner vi er eit faremoment ved påkøyring og er ei løysing Statens vegvesen tidlegare ikkje har akseptert, og som vi heller ikkje vil akseptere. Det manglande fortauet må på plass her for å kunne ivareta mjuke trafikantar.

Avkøyrsla kan og verke noko uoversiktleg i vest med at gnr. 42 bnr. 97, der det er parkerte køyretøy på bildet over, har tilkomst nord på eigedomen, kor det er merka med fortau i reguleringsplanen.

Når det gjeld handtering av overvatn så har avkøyrsla i dag ikkje noko system som hindrar det å renne ut i fylkesvegen. Spesielt i vinterhalvåret vil dette utgjere eit faremoment, med glatte parti i utkøyringspunktet. Både ved og ut- og innkøyring vil slike glatte parti vere moglege kjelder for trafikkulukker.

I føresegna til reguleringsplan for Hesthagen ligg det ikkje rekkefølgjekrav om opparbeiding av fortau G/S2, men den midlertidige løysinga som er no kan likevel ikkje akseptast. Dette er eit av fleire moment som må rettast opp i dersom ein skal kunne vurdere auka trafikk på staden.

Etter plan- og bygningslova § 27-4 kan ny eigeedom ikkje delast frå før avkøyrse frå offentleg veg er godkjent av vedkommande vegmynde. Det vart ikkje søkt om løyve til bruk av avkøyrse til fylkesveg 5286 ved søknad om frådelinga av eigeodomen. Difor har ein no komen i ein uheldig situasjon med ei avkøyrse som er vanskeleg å utforme etter trafikale krav.

Slik vi ser det kan det medføre høge kostnader for utbetring av avkøyrsla for tiltakshavar aleine. Samstundes vurderer vi avkøyrsla spesielt i vinterhalvåret å kunne vere ei kjelde til trafikkulukker. Dette strir med nullvisjonen til Statens vegvesen om null hardt skadde og drepne i trafikken. Det vert difor gjeve avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrse på grunnlag av uferdig opparbeiding av den aktuelle avkøyrsla.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#)

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift